

Notat

Frå: Fylkesrådmannen

Til: Fylkesutvalet

Kompensasjon for skader etter orkanen Dagmar i 2011 – status

Fylkesrådmannen fekk, under møtet i fylkesutvalet 26.11.14, melding frå eigen administrasjonen om at Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) pr. tlf. same dag hadde opplyst at vi truleg måtte betale tilbake ein del av kompensasjonen som vart gjeven i samband med skadane etter orkanen Dagmar julehelga 2011.

Denne informasjonen kom rett i forkant av at vi skulle handsame eige budsjett (2015).

Med bakgrunn i dei reaksjonane som kom i møtet, og for så vidt og i ettertid, har fylkesrådmannen utarbeidd føreliggjande notat. Dette er meint å skulle gje ei oppsummering av saksgangen knytt til kompensasjonen frå KMD.

Fylkeskommunen søkte i mars 2012 om kompensasjon for skadane etter orkanen Dagmar i julehelga 2011. Statens vegvesen sitt anslag for kostnadane var 96,9 mill. kr. Dette anslaget var vedlagt søknaden til departementet.

I juni 2012 fekk fylkeskommunen utbetalt 69,8 mill. kr i kompensasjon. KMD seier i brev datert 26.06.12 følgjande:

«Departementet har i handsaminga av denne søknaden følgd vanleg praksis i saker som omhandlar naturskade. Utgangspunktet er at departementet vanlegvis dekkjer halvparten av dei ekstraordinære utgiftene. Men dersom fylkeskommunen har hatt meirutgifter utover 250 kr per innbyggjar etter at departementet har dekt halvparten av utgiftene, vil departementet i tillegg dekkje det overskytande beløpet. Då vil eigendelen til fylkeskommunen vere 250 kr pr. innbyggjar.»

I brevet står det vidare at :

«I den grad fylkeskommunen har fått tildelt skjønsmidler på grunnlag av kostnadsanslag og ikkje enno rekneskapsførte utgifter, må fylkeskommunen sende rekneskap til departementet, som viser at midla er brukt i tråd med følgjande kriterium for tildeling:

- *Utgiftene som vert dekt skal vere ekstraordinære fylkeskommunale utgifter, og ikkje utgifter til normalt fylkeskommunalt vedlikehald*
- *Utgiftene som vert dekt skal ikkje bli dekt på anna måte, gjennom forsikringar eller andre statlege etatar*
- *For investeringar skal ein leggje til grunn ei tilbakeføring til opphavleg nivå, og ikkje ei standardheving*
- *Utgifter til førebyggjande tiltak skal ikkje reknast med i berekningsgrunnlaget for kompensasjon*

Meirverdiavgifta skal trekkjast ut av berekningsgrunnlaget, då fylkeskommunen får kompensert for denne. Dette må komme tydeleg fram i dokumentasjonen.

Fylkeskommunens revisor må bekrefte at midla er nytta i tråd med kriteria for tildeling, og attestert rekneskap skal sendast departementet innan utgongen av januar 2014.

Dersom midla ikkje vert nytta, eller dersom midla ikkje vert nytta til føremålet eller dei nemnde kriteria for tildeling, må fylkeskommunen betale tilbake midla til departementet.»

Fylkeskommunen rapporterte 5. februar 2014 til departementet om dei faktiske kostnadane til utbetringane. Det vart då rapportert om samla kostnader på 86 mill. kr, av dette 10,8 mill. kr mva. som fylkeskommunen får refundert gjennom ordninga med mva. refusjon.

Samla kostnad ekskl. mva. med utbetring av skadane vart 75,2 mill. kr. Dette var altså ein god del mindre enn det som var grunnlag for departementet si berekning av kompensasjon (96,9 mill. kr).

Grunnen til at kostnaden vart lågare enn berekna, er hovudsakleg knytt til utbetring av vegen til Otterdal i Hornindal kommune. Dette var kostnadsrekna til 39 mill. kr (+/- 40 pst.) og enda på ein kostnad på 26,5 mill. kr.

Vi vart altså 26.11.14 kontakta pr. telefon av saksbehandlar i KMD. Bakgrunnen for dette var at KMD hadde registrert at rekneskapsførte tal synte lågare tal enn det vi hadde søkt om, og at det låg an til at vi måtte tilbakebetale noko av støttebeløpet.

KMD ville forsikre seg om at tala stemte før ein ev. sende ut krav om refusjon. Det var særleg tal på Otterdal KMD var usikre på, då vi i brevet av februar 2014 måtte nytta ein prognose.

Dei endelege tala for kostnad med utbetring av vegen til Otterdal viser seg å vere om lag som rapportert til KMD.

KMD har førebels ikkje sagt noko om kva beløp som ev. vil bli kravd refundert.

Dersom vi legg endelege kostnadstal på 75,2 mill. kr til grunn for berekning av kompensasjon i modellen KMD nyttar, kjem vi fram til ein berekna kompensasjon på 48,2 mill. kr. Dette er om lag 21,7 mill. kr mindre enn det vi vart tildelt i juni 2012. Fylkesrådmannen reknar difor med at vi vil få eit refusjonskrav i denne storleiksorden.

På grunn av m.a. reduserte kostnader til Otterdal fekk vi eit mindreforbruk på fylkesvegområdet i 2013. Desse midlane vart fondsavsett i rekneskapet for 2013 og overført til vedlikehaldstiltak i 2014. Formelt sett kunne desse midlane vore haldne tilbake.

Når vi likevel valde å nytte dei overførte midlane fekk vi framskunda ein del vedlikehaldstiltak. Når midlane no skal betalast tilbake er det naturleg at dette skjer ved å redusere vedlikehaldsposten tilsvarande.